

2023

Kunnskapsgrunnlag Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2035

VEDLEGG TIL BUSTADPOLITISK HANDLINGSPLAN 2023-2035



Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2035 vedteken Kommunestyret (PS 85/23) 06.11.23

Alle skal bu trygt og godt i Sykkylven kommune

Innhald

1. Føringar	2
§ 3 Ansvarlig kommune.....	2
§ 4 Vanskeligstilte på boligmarkedet.....	2
§ 5 Ansvar for organisering og planlegging	2
§ 6 Plikt til å gi individuelt tilpasset bistand til vanskeligstilte på boligmarkedet	3
MÅL	4
Utfordringar og moglegheiter.....	4
Sykkylven kommune vil:	4
2. Status i Sykkylven kommune	6
Kvar bur innbygarane i Sykkylven?	6
Bustadstruktur	6
Bustadmarknaden.....	7
Folketal framskriving.....	8
Bustadsituasjonen i eit tenesteperspektiv.....	9
Estimerte behov for helsetenester til eldre og eldre med demens.....	10
Kommunal bustadmasse for utleige	12
Bustadbehov	14
Organisering.....	14
Målgrupper	15
Økonomiske verkemiddel	20
3. Medverknad og involvering	22
Innspel frå tenesteområda.....	22
NAV	22
Rus- og psykisk helseteam	23
Flyktingtenesta.....	23
Tenestekontoret	24
Bu- og rehabiliteringstenestene	24
Sykkylven omsorgssenter.....	24
Heimetenestene.....	25
Sykkylven Bustadselskap.....	25
Innbyggardialog 8. juni 2023.....	26

1. Føringer

For å vurdere korleis vi kan tilrettelegge ein bustadpolitikk med rom for alle og nå mål for norsk bustadpolitikk, er planen utarbeida med utgangspunkt i kommunens bustadpolitiske rolle og ansvar.

Kommunen som samfunnsutviklar skal legge til rette for noverande og framtidige bustadbehov. Bustadbygging i Sykkylven skjer i hovudsak i den ordinære bustadmarknaden i regi av private utbyggjarar. Kommunen er eigar og forvaltar areal, fleire samfunnsnyttige eigendomar og ressursar, og eig 100% Sykkylven bustadselskap AS som omfattar dei kommunalt disponerte bustadane og omsorgsbustader i Sykkylven.

For å ta gode val i det bustadpolitiske arbeidet må vi samhandle og samordne både internt og eksternt i kommunen med innbyggjarar, utbyggjarar, næringsliv og andre samarbeidspartar. Kommunen må difor vere organisert slik at samfunns- og tenesteutvikling kan utviklast i tråd med føringer og strategiar til det beste for kommunens innbyggjarar.

Sykkylven kommune sine plikter er regulert i [Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltning](#), [Lov om kommunale helse og omsorgstjenester](#) og [Lov om kommunens ansvar på det boligsosiale feltet](#) (ny lov frå 1.juli 2023).

§ 3 Ansvarlig kommune

Kommunens ansvar for å gi individuelt tilpasset bistand etter § 6 gjelder alle som oppholder seg i kommunen.

For den som oppholder seg i institusjon eller bolig med heldøgns omsorgstjenester, skal individuelt tilpasset bistand likevel gis av den kommunen som var oppholdskommune forut for inntaket.

En person som er bosatt i en kommune som mottar integreringstilskudd for vedkommende, har rett til bistand i denne kommunen. Hvis en person som nevnt i første punktum flytter til en annen kommune, har vedkommende rett til bistand der, dersom flyttingen er avtalt mellom de to kommunene.

§ 4 Vanskeligstilte på boligmarkedet

Med vanskeligstilte på boligmarkedet menes i denne loven personer som ikke kan ivareta sine interesser på boligmarkedet, og derfor trenger bistand til å skaffe eller beholde en egnet bolig.

§ 5 Ansvar for organisering og planlegging

Kommunen skal i sitt arbeid på det boligsosiale feltet sørge for samarbeid på tvers av sektorer og samordning av sine tjenester. For øvrig skal kommunen samarbeide med andre offentlige aktører som kan bidra til arbeidet for vanskeligstilte på boligmarkedet.

Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter [plan- og bygningsloven § 10-1](#). En drøfting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter [plan- og bygningsloven kapittel 11](#) fastsette overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.

§ 6 Plikt til å gi individuelt tilpasset bistand til vanskeligstilte på boligmarkedet

Kommunen skal gi individuelt tilpasset bistand til vanskeligstilte på boligmarkedet.

Kommunen vurderer hvilken bistand som skal gis. Bistandens art og omfang skal tilpasses den enkeltes behov.

Bistanden kan blant annet gå ut på å gi råd og veiledning om økonomi, bomestring, statlige og kommunale tjenestetilbud eller andre forhold av betydning for bosituasjonen. Kommunen kan også gi praktisk bistand, slik som hjelp til å søke støtte-, låne- og tilskuddsordninger eller kommunalt disponert bolig, bistand i en konkret kjøps- eller leieprosess eller bistand til å forebygge utkastelse.

Plikten til å gi individuelt tilpasset bistand omfatter også bistand til å skaffe boliger med særlig tilpasning og med hjelpe- og vernetiltak for dem som trenger det på grunn av alder, funksjonsnedsettelse eller av andre årsaker.

Satsingsområda og tiltaka i planen tek utgangspunkt i den nasjonale strategien for sosial bustadpolitikk [Alle trenger et trygt hjem \(2021-2024\)](#) som omtalar fire overordna mål i arbeidet:

- «Flere skal kunne eie egen bolig»
- «Leie skal være et trygt alternativ»
- «Sosial bærekraft i boligpolitikken»
- «Tydelige roller, og nødvendig kunnskap og kompetanse»

[Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging \(2023-2027\)](#) legg føringar for å:

- «skape et berekraftig velferdssamfunn»
- «skape et økologisk berekraftig samfunn gjennom blant annet en offensiv klimapolitikk og en forsvarlig ressursforvaltning»
- «skape et sosialt bærekraftig samfunn»
- «skape et trygt samfunn for alle»

FN sine berekraftsmål skal leggest til grunn i all samfunnsutvikling i Sykkylven kommune. I arbeidet med bustadpolitisk handlingsplan er fylgjande berekraftsmål særleg viktige:

Mål 1 handlar om å «**utrydde fattigdom**»

Mål 3 handlar om «**god helse og livskvalitet**»

Mål 10 handlar om «**mindre ulikhet**» og delmål 10.3 handlar nettopp om å sikre moglegheiter og redusere skilnader i levekår.

Mål 11 handlar om «**bærekraftige byer og lokalsamfunn**» og delmål 11.1 handlar nettopp om å sikre tilgang til tilfredsstillande og trygge bustadar.

Mål 17 handlar om «**samarbeid for å nå målene**».



I eit berekraftperspektiv får ofte den sosiale dimensjonen minst merksemd. Samstundes er det tydeleg at utan sosial berekraft oppnår ein heller ikkje økonomisk eller miljømessig berekraft. Sosial berekraft handlar om at alle skal ha like moglegheiter til eit stabilt helsefremmande liv, til å få utdanning, jobbe og leve utan diskriminering av noko slag. Bustad er i den samanheng den viktigaste berebjelken.

Sykkylven kommune sin kommuneplan – samfunnsdel 2023 legg føringar:

MÅL - Sykkylven er eit berekraftig lokalsamfunn med høg livskvalitet for innbyggjarane:

Utfordringar og moglegheiter

Livskvalitet er knytt til trygghet for arbeid og bustad, god helse, sosiale nettverk og aksept og rom for å vere den du er.

Gode, skapande og innovative samfunn er prega av mangfald og høg toleranse for ansleisheit.

Tiltak som bidreg til å førebyggje og motverke marginalisering og utanforskap frå tidleg alder kan gi store gevinstar, både for den einskilde og for lokalsamfunnet.

Å motverke utanforskap og arbeide for sosial inkludering er ei svært viktig oppgåve for offentleg sektor i åra framover.

Sykkylven har alle føresetnadar for at vi kan leve gode liv.

Sykkylven kommune vil:

Vere eit attraktivt og sosialt berekraftig samfunn for alle ved å:

- *Bygge på eit mangfald samfunn med fokus på likeverd og inkludering*
- *Ha universell utforming av offentlege bygg og uteområder*
- *Syte for at alle har tilgang til trygge og tilgjengelege bustadar*
- *Arbeide for å styrke frivilligheit, gode møteplassar og sosiale nettverk*
- *Bygge vidare på biblioteket som ein attraktiv møteplass for alle alders- og interessegrupper-*
- *Styrke kultur, idrett og friluftsliv*
- *Skape gode oppvekstvilkår for barn og unge*
- *Vere eit aldersvenleg samfunn*
- *Vere ein trafikktrygg kommune*

Gjere slik at innbyggerane meistrar eigen livssituasjon og er friske ved å:

- Fokusere på heile livsløpet
- Arbeide særleg for at eldre skal meistre eigen kvardag
- Tenke folkehelse i all kommunal aktivitet
- Stimulere sosiale møteplassar og lågterskeltilbod
- Sette eit særleg fokus på friluftsliv som helsefremmande tiltak
- Sikre nærturområde, lokale badeplassar og turvegtrasear
- Opparbeide gode tilkomsmoglegheiter til turområde
- Arbeide for vidare utbygging av gang- og sykkelveggar
- Følgje opp alle lovkrav til universell utforming av bygg og uteområder


Samstundes vil [Leve heile livet](#) reforma vere førande for at eldre skal bu trygt heime. I løpet av 2023 vil ei ny reform gjelde, *Bo trygt hjemme*. Reforma bygg vidare på Leve hele livet og skal utfordre innbyggerane til sjølv å engasjere seg i planlegging av eigen alderdom og utforming av sine omgjevnadar, og kommunen skal syte for å skape aldersvenlege butilbod. Dette skal legge grunnlaget for ein framtidsretta eldrepolitikk gjennom innsatsområda:

- Kompetente og myndiggjorte medarbeidarar
- Levande lokalsamfunn
- Bustadtilpassing og planlegging
- Tryggheit for tenester og støtte til pårørande

2. Status i Sykkylven kommune

Kvar bur innbyggjarane i Sykkylven?

74% bur i tettstad. Ein tettstad er uavhengig av fylkes- og kommunegrenser, og kjenneteiknar eit område der det bur minst 200 personar og der det ikkje er meir enn 50 meter mellom husa. Kjelde: [SSB](#).



Bustadstruktur

Sykkylven har i 2023 ein bustadstruktur med anslagsvis 3777 bueiningar. Her ser vi utvikling i type bustader i vår kommune, kjelde: [SSB](#)

Berre ein del av bustadmassen er eigna for dei av våre innbyggjarar som grunna funksjonsnedsetting har behov for tilrettelegging. Bustadtypene og samansetninga i Sykkylven i dag, saman med forventna befolkningsframskriving tilseier at det er behov for fleire lettstelte, sentralt plasserte leilegheiter i åra som kjem. Ved betre tilgang til leilegheiter tilpassa eldre og

einslege/småhushaldningar, vil ein kunne frigjere større bustader (einebustader og rekkehus) for barnefamiljar. Dette vil legge til rette for ein sirkulasjon i bustadmarknaden som kan bidra til auka befolkningsvekst der Sykkylven får eit variert, tilstrekkeleg og attraktivt bu tilbud. Sentrumsnære leilegheiter tilpassa seniorar, med heis og enkle vedlikehaldsareal, fellesareal og nærleik til sentrale funksjonar kan bidra til at fleire vil kunne bu heime lengre som eldre.

	Boliger (bebodde og ubebodde)			
	2013	2017	2020	2023
1528 Sykkylven				
Enebolig	2 627	2 648	2 659	2 688
Tomannsbolig	335	331	334	342
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	371	386	398	415
Boligblokk	123	129	136	142
Bygning for bofellesskap	34	34	34	34
Andre bygningstyper	183	144	152	156

Bustadmarknaden

Bustadbygging i Noreg er i stor grad styrt av marknaden og tradisjonen med å eige bustad står sterkt. Dette har mange fordelar og nokre ulemper.

Om lag 70% av bustadmassen i Sykkylven er einebustader og våningshus. Det er klar overvekt av hushald «åleinebuande» og «par utan heimebuande barn». Desse utgjer 62% av alle hushald. Behovet for mindre bueiningar vil vere aukande i framtida, sjølv om det er klar overvekt av einebustader i dag. Bustadknappheit fører til høge bustadprisar i kommunen. Undersøkingar viser at det er samanheng mellom bu miljø, utdanning og inntekt i forhold til helse. Vi må framover ta omsyn til kvar folk ønsker å bu. «Det som hindrer ønsket utvikling er folks preferanser» (Husbanken).

Dei siste to åra, har det i særleg grad vore behov for å busette nye medborgarar frå Ukraina, og som har ført til mindre tilgang på privat leigemarknad. Trenden om å leige ut sin eigen bustad i korte periodar gjennom AirBnb (korttidsleige) har redusert tilgangen på leilegheiter og bustader for utleige, og som kan gje utfordringar kring tilflytting.


Sykkylven kommune

Kjelde: SSB



Bustadar og hushald


Hushald etter type



Bustadar og hushald



Bustader etter type




Folketal framskriving

Sykkylven har ei negativ folketalssprognose fram mot 2030, fleire eldre og færre unge. Kommunen har hatt vekst i folketalet over lang tid, veksten har vore svak seinare år, og er no heilt avhengig av innvandring og tilflytting utanfrå. Sykkylven har pr 2. kvartal 2023, 7607 innbyggjarar.

- Befolkninga blir stadig eldre
- Alderssamansettinga viser reduksjon i yngre aldersgrupper
- Alderssamansettinga utviklar seg meir negativt samanlikna med fylket og landet.

Prognose etter middel-alternativet frå SSB (MMMM).

	2023	2025	2027	2029	2031	2033	2035	ending 23-35
0 år	53	58	58	59	59	60	60	7
1-5 år	341	320	316	314	314	316	321	-20
6-12 år	626	574	533	492	472	463	461	-165
13-15 år	310	306	272	260	247	216	207	-103
16-19 år	395	385	400	384	340	328	308	-87
20-44 år	2174	2108	2054	2006	2001	1955	1905	-269
45-66 år	2273	2202	2173	2164	2146	2117	2074	-199
67-79 år	1045	1101	1118	1119	1117	1126	1143	98
80-89 år	334	356	422	480	516	559	599	265
90 år+	79	72	68	74	83	100	111	32



Kommunen har ikkje hatt vekst i folketalet sidan 2017, men akkurat no flatar den litt ut grunna innvandring. I åra framover vert det forventa ein stor auke i aldersgrupper over 67 år og eldre. Fram mot 2035 vil aldersgruppene over 80 år få den største auken, og Sykkylven vil i 2030 ha 169 fleire eldre over 80 år enn i 2023, og i 2035 vil kommunen ha 700 innbyggjarar i denne aldersgruppa.

Bustadsituasjonen i eit tenesteperspektiv

I Sykkylven kommune er fleire definert som vanskelegstilte på bustadmarknaden. Dette omfattar både familiar og enkeltpersonar som ikkje har moglegheit for å skaffe seg eller oppretthalde tilfredsstillande bu forhold sjølve. Kommunen har eit ansvar for å bidra til utbygging med ein sosial profil, både gjennom eigne prosjekt og ved at private utbyggjarar vert stimulert til utbygging som gir moglegheiter for alle innbyggjarar.

Det er ei bustadpolitisk utfordring at tal eldre og andre med behov for små hushaldningar aukar. Mindre og rimelege bueiningar kan vere vanskeleg å tilpasse dei behov og krav til universell utforming som gjer bustaden eigna for å kunne ta imot omfattande helse og velferdstenester i eigen heim.

Eldre skal sjølv kunne ta eigne val om å flytte frå ueigna einebustader og inn i meir lettstelte sentrumsnære leilegheiter. Med lav verdi på einebustaden meir i grender og distrikt, gjer det utfordring å skaffe seg meir eigna bustad meir sentralt.

Det er ei gjennomgåande utfordring i kommunar for alle typar bu tilbod, at det er avstand mellom tal og eignaheit ved bustader kommunen disponerer og det behovet som faktisk eksisterer. Kommunen vil dei komande åra ha behov for fleire lettstelte leilegheiter for tilvising. I framskrivinga om vi skal tilby same tal bustader med heildøgns omsorg og institusjonsplassar vil vi få ei stor utfordring knytt til tilgang på personell og ressursar. Ut frå dagens prognose vil kommunen ha behov for ein stor auke i tal institusjonsplassar. Det er også slik framskriving viser, eit stort behov for fleire eigna bustader til personar med utviklingshemming >18 år i bueiningar utforma hensiktsmessig ut frå drift med personaldel og fellesareal, eller at leilegheiter er knytt til personaldel og får ambulante tenester derfrå. Bustader til personar innan rus/psykiatri manglar også, og det er definert eit særleg behov for å få etablert småhus for dei som står lengst frå bu evne, og som vil ha behov for å bu med ein tenesteavtale.

Dagens bygg og bustadmasse som kommunen disponerer innan tenesteyting og bustadsosialt arbeid er i stor grad erverva frå ei anna tid og til eit anna behovsgrunnlag enn det vi har behov for i dag. Det er for eksempel behov for tilrettelagte omsorgsbustader for personar som har høg risiko for å utsette seg sjølv eller bli utsett for skade og/eller brann.

Estimerte behov for helsetenester til eldre og eldre med demens

Demografisk utvikling med stadig auke i tal eldre med høg alder, fører til fleire eldre med demens sjukdom. Vi må gå ut ifrå at ein stor del eldre vil kunne ta i mot gode helse og omsorgstenester i eigen heim i åra som kjem. Samtidig aukar behovet for tal som vil ha behov for bustader med heildøgns omsorg og institusjonsplassar. I dag har om lag 4 av 5 bebuarar i bustader med heildøgns omsorg og institusjonsplassar demens diagnose. Dette gjer at omsorgssenteret i dag ikkje har dei tilpassingane for å få til effektiv drift for den eldre gruppa som har behov for spesialisert pleie og omsorg i siste livsfase. Dette gjeld i hovudsak multisykje og skrøpelege eldre, samtidig som tal eldre med demens aukar og som krev anna type tilbod.

Samtidig vil å utsette behov for langtids plass i sjukeheim/institusjon vere avgjerande for at vi fortsatt skal kunne gi trygge og gode tenester til alle innbyggjarane. Eigna bustader med livsløpsstandard vil vere viktige verkemiddel for å nå målsettinga.

Framskriving auke antall eldre	2023	2025	2027	2030	2035
Tal innbyggjarar >80	397	428	490	576	726
Prognose tal plassar sjukeheim ut frå dagens tildelingspraksis og helsetilstand (16% dekning av tal >80)	64	69	78	92	116
Prognose tal plassar sjukeheim ut frå 18% dekning ut frå tal >80	-	77	88	104	130
Innbyggjarar med demens >80		122		162	263
Innbyggjarar med demens <80 år		69		73	75

(Kjelde: Sykkylven kommune)

Framskriving auke antall personar med ulike funksjonsnedsetting	2023	2024	2025	2027	2030	2035
>19 år med funksjonsnedsetting – bur heime, har behov	11		19		27	
Vaksne med funksjonsnedsetting som har behov for endring i buform >19	21					
Behov psykisk helse og rus						
Småhus (hardbruks bustader, frittstående)			4			

(Kjelde: Sykkylven kommune)

ÅRLEGE TILTAK

Framskriving av behov 2023-2035	2023	2024	2025	2026	2027	2030	2035
Barne- og avlastningsbustad med personaldel og fellesareal		2+2					
tilbygg barne og avlastning m/1 leilegheit og uteområde			1				
Bukollektiv eldre med utviklingshemming m/personaldel og fellesareal	5	7					
Bukollektiv eldre m/fellesareal			7				
Bustader med heimebasert omsorg til eldre			10		10		
Bustader med heimebasert omsorg til personar med utviklingshemming			12		12		
Bustader med heildøgns tenester til personar med utviklingshemming, samlokalisert			8		8		
Småhus – (hardbrukshus) – eigna tomter 2+2 frittstående				4			
Bufellesskap for psykiatri			4				
Institusjonsplassar				2		11	14
Bustader med heildøgnsomsorg					10	10	

NB ikkje tatt med endring i utvikling <80 og auke i demens men som ut frå framskriving kun vil ha ein liten auke på totalt 6 meir i perioden 2025-2035. Ut frå framskriving ser det dermed ut som det er tal eldre >80 som vil få diagnosen demens og som vil vere den målgruppa vi må vurdere differensierte tiltak til.

Kommunal bustadmasse for utleige

Omsorgsbustadar

- Dette er bustadar du kan søkje om å få dersom du tek imot ein eller fleire hjelpetiltak frå kommunen. Dei vanlegaste årsakene til behov for omsorgsbustad er at ein treng bistand på grunn av ulike helseutfordringar eller at ein har behov for tilpassa bustad.
- Føremålet med omsorgsbustader er at flest mogleg skal få høve til å leve og bu sjølvstendig i ein heim, men samtidig ha god tilgang på naudsynt hjelp og støtte.

Kommunalt disponerte bustadar

- Dette er bustadar til personar og grupper som ikkje sjølv kan ivareta sine interesser på bustadmarknaden.
- Målet er at dei kommunale bustadane ikkje skal fungere som permanente bustadar for leigetakarane. Kommunen skal aktivt arbeide med å få vedkomande inn på den private bustadmarknaden.

Sjueheims plass

- Søknad om sjueheims plass handsamast av tenestekontoret

Kommunen disponerer bustader for utleige til vanskelegstilte og omsorgsbustader/leilegheiter. Sjå status pr 31.12.2022. Dei fleste av dei kommunalt disponerte bustadane høyrer til Sykkylven bustadselskap, eit aksjeselskap som er 100% eigd av kommunen. Under viser både kommunalt disponerte leilegheiter med og utan personaldel, institusjonsrom, rekkehus og einebustader.

Sykkylven bustadselskap:	Byggjeår/ renovert	Tal husvære	For rullestol brukar	Tal soverom
Ura	1967	2	2	2,3
Ura bustader	2003	4 + personalbase	2	1 soverom x 4
Ura rekkehus	1990	2	2	2,2
Haugstad	1952/1980	5	1	1 soverom x 5
Helledalen	1979	4	4	2 soverom x 4
Grebstadlia	1975	5	0	2,2,2
Ullavika rekkehus x3	1993	3	3	1 soverom x 3
Lillehaugen	2001	4	4	3,3,2,2
Myravegen 6-mannsbustad	2011	6	6	2 soverom x 6
Myravegen 4-mannsbustad x 2	2011 og 2012	8	4	2 soverom x 8
VIKO (ved Circle K)	2013	6	6	1,1,2,2,2,2
Gamle Sunnmørsbanken	2014 renovert	6	0	2,2,2,1,1,0
Teigane	2015	6	6	3,3,2,2,2,1
Prestebustaden	1973	2	0	4,3

Krikane	2000	4	6	1 soverom x 4
Straumgjerde	2002	4	4	3,3,2,2
Straumgjerde	1999	8	8	2 soverom x 4 1 soverom x 4
Klokkehaugen	1999	17+ personalbase	17	2 soverom x 7 1 soverom x 10
Myremarka	1996	9	9	2 soverom x 4 1 soverom x 5
Kyrkjevegen 15	1973	1	1	3
Phil gata	2019 renovert	1	0	1
SUM		107	85	
Bustader med tildelingsavtale				
Aure panorama	2020	9	9	
Kyrkjevegen 38	2021	6	6	
SUM		15	15	
Bustader med tilvisingsrett				
Aureosen brygge	2024	6		Sovealkove, 1,2 og 3 soverom
Sykkylven omsorgssenter				
Institusjonsrom i bruk	2002	38	38	
Leilegheiter i bruk	2002	35 m/ personalbase	35	1 soverom
Leilegheiter i bruk	2002	7 u/personalbase	7	1 soverom
Leilegheiter i bruk frå 2023/2024		7 u/personalbase	7	1 soverom
Leilegheiter ikkje i bruk		25	25	1 soverom
Institusjonsrom ikkje i bruk		4	2	

Bustadselskapet har 21 bustader med personalbase:

- Klokkehaugen bustader: 17 leilegheiter (2-roms) + 1 personalbase
- Ura bustader: 4 leilegheiter (2-roms) + personaldel og fellesareal.

Resterande bustadmasse nyttast som kommunal gjennomgangsbustad eller omsorgsbustad. Det er lite gjennomstrøyming i dei kommunale gjennomgangsbustadane. Leigekontrakt på ordinære kommunalt disponerte bustader har tidsbestemt leigekontrakt på 3 år, og omsorgsbustadane har i hovudsak tidsbestemte kontraktar.

Kommunen har tildelingsavtale med privat selskap på 15 leilegheiter.

Sykkylven omsorgssenter har pr oktober 2023, 73 heildøgns plassar.

- Det er leilegheiter med og utan personalbase på omsorgssenteret
- Leilegheiter utan personalbase er det heimetenestene som yter teneste til

- I 2020 reduserte omsorgssenteret med 25 plassar for å styrke og tilpasse drifta på dei ulike avdelingane grunna behov for å auke plassar for personar med demens og auke bemanning generelt for å stette pasientane sine behov. Samt at vi oppretta tenestekontor.

Bustadbehov

Det er aukande behov for å byggje fleire omsorgsbustadar for innbyggjarar med utviklingshemming og eldre med middels-stort hjelpebehov. Ei opteljing syner at 48 personar treng omsorgsbustad. 16% av dei over 80 år vit ha behov for 47 plass i institusjon/heildøgnsomsorg i planperioden fram til 2035.

Tal pr september 2023 syner at det er (lokal opteljing):

- 0 ubehandla søknadar
- 3 ledige kommunale bustader
- 3 kommunale bustader står tomme grunna behov for oppussing
- 3 kommunale bustader står tomme grunna ingen ønsker å bu i bustaden

Tal søknadar i 2021 og 2022 syner (Kostra):

- Tal søknadar har gått ned
- Dei alle fleste søknadane var nye søknadar
- Tal avslag har auka
- Alle avslag var på nye søknadar
- Grunnar for avslag på søknad er at ein ikkje vert definert som vanskelegstilt på bustadmarknaden.

Organisering

Stillingar knytt til bustadsosialt arbeid pr august 2023:

- Forvaltar kommunale bustader, husleigekontrakter – dette arbeidet er fordelt ut på ulike einingar i kommunen, og det kommunale bustadselskapet.
- Vaktmeisterteneste – denne tenesta vert handtert at bustadselskapet sin eigen vaktmeister og kommunen si vaktmeisterteneste
- Tildeling av omsorgsbustader vert handtert av tenestekontoret
- Tildeling av gjennomgangsbustader – vert handtert av leiar i bu og rehabiliteringstenestene i samarbeid med tenestekontor, og leiar for bustadselskapet.

Organiseringa av det bustadsosiale arbeidet er fragmentert, og spreidd ut på fleire personar i ulike einingar i kommunen. Det er ingen dedikerte stillingar i kommunen til dette arbeidet. I det kommunale bustadselskapet nyttar ein 2,5 årsverk.

Bustadlause

I Sykkylven kommune viser statistikk at det i 2022 var ingen per 1000 innbyggjarar bustadlause i meir enn 3 månadar. Til samanlikning har kommunar med innbyggjartal på mellom 10-40 000, 0,35 bustadlause per 1000 innbyggjarar. NAV Sykkylven har ikkje i 2022 hatt bustadlause personar som ein ikkje har funne løysingar for.

Midlertidig bu tilbud

NAV kommune pliktar etter Sosialtenesteloven §27 å hjelpe personar som sjølv ikkje greier å finne ein plass å bu, eit midlertidig bu tilbud. Over tid har NAV hatt få handvendingar frå akutt bustadlause og ein har lukkast å finne permanente løysingar.

Husholdninger i midlertidige botilbud i mer enn 3 måneder	2018	2019	2020	2021	2022
 Norge	809	821	895	849	1 187
 Sykkylven	< 5	0	< 5	0	0

Antall under 5 kan ikke oppgis av hensyn til personvern.

Målgrupper

Målgruppa for handlingsplanen er innbyggjarar som er utan bustad (bustadlaus), står i fare for å miste bustad, bur i ueigna bustad eller bumiljø.

Personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus

Det er også eit behov for å ha bustadar for dei som slit med rus- og psykiske helseproblem (ROP-pasientar). I Sykkylven kommune hadde vi 35 personar som var registrert med kjent problematikkk i 2019. I 2020 fekk vi ikkje registrert nokon pga Covid-19, men det har truleg vore ei auke. Ein ser at denne gruppa har utfordringar med å skaffe seg bustad på den private marknaden. Årsaka til dette kan vere at dei har varierende evne til å bu, og at dei kan vere ei utfordring for nærmiljøet. Det er viktig å legge til rette for eigna bustad, og god oppfølging i bustaden..

Eldre

I planperioden vil Sykkylven kommune ha ei betydeleg auke i tal eldre over 80 år.


Mange av desse vil ha behov for helse og omsorgstenester i eigen heim, eller i heildøgns omsorg.

Kommunen må dreie tenestene slik at fleire kan få gode helsetenester i eigen heim og færre vil ha behov for opphald i institusjon.

Demenssjukdom vil utfordre tenestene i å tenke nye løysingar for å kunne gi gode tenester i framtida.


Sykkylven 2020

Personer med demens				
Alder	Antall	♂	♀	
30-64	2	1	1	
65-69	3	1	2	
70-74	23	13	10	
75-79	26	14	12	
80-84	30	12	18	
85-89	39	15	24	
90+	43	12	31	



Sykkylven 2030

Personer med demens				
Alder	Antall	♂	♀	
30-64	2	1	1	
65-69	3	1	2	
70-74	26	15	11	
75-79	42	22	20	
80-84	63	31	32	
85-89	58	28	30	
90+	41	12	29	



Flyktninger

Kommunen har ansvar for å busette flyktningar etter avtale med Integrering- og mangfaldsdirktoratet. Tidsfristen på kor mange flyktningar som skal busettast gjer det utfordrande å ha ein langsiktig og føreseieleg plan for bustadbehovet. Det er forventa at flyktningar er bustadlaus når dei kjem til kommunen. Flyktningtenesta fyl opp flyktningane dei første fem åra etter busetting. Ukraina-krigen har ført til eit aukande behov for bustadar. _Utfordringa knytt til tilgjengelege bustader for flyktningane, er behovet for nærleik til både barnehage, skule, vaksenopplæring og servicetenester. Offentleg transport er ofte til hinder for å kunne nytte tilgjengelege bustader mindre sentralt .

Kjelde: [IMDi](#)

	2021	2022	2023
Anmodning om busetting	19	130	70
Politisk vedtak om busetting	19	130	60
Faktisk busetting	14	80	41 per sept.

Barnefamiliar

Fleire veks opp i hushald med låg inntekt. Behov for bustad til enkeltpersonar og familiar med lav inntekt vil avhenge av endringar i arbeidsmarknaden og prisnivå i bustadmarknaden. Dårlige butilhøve gir ekstra store belastningar for barn og unge. Helseproblem, svakare skuleresultat og lav tilknytning til arbeid seinare i livet er nokre av belastningane. Hyppig flytting kan føre til rotlause og gje mangel på tilhøyre.

Tal barn som bur i hushaldningar med vedvarande lav inntekt er lågare i Sykkylven enn i landet som heilheit. Vedvarande lav hushaldsinntekt vil seie at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårs periode er under 60% av median hushaldningsinntekt i Norge.

Barn med innvandrarakgrunn er sterkt overrepresentert i låginntektsgruppa i Norge. Sykkylven ligg lågare enn fylket, angående prosent barn i innvandrarhushald med vedvarande låginntekt.

Kjelde: [ssb](#).

6,7 % av innbyggerane bur trongt


83 % av innbyggerane bur i eigd bustad

16 % bur i leigd bustad

1 % er andels-/aksjeeigar bustad


Kjelde: [ssb](#)

Kjelde: [Bufdir](#)




Figur 4. Barn i husholdninger med vedvarende lavinntekt¹. Barn med og uten innvandrerbakgrunn. Antall og andel 2006-2021

Vis som figur Vis som tabell



Utanforskap



Tal unge utanfor arbeid, utdanning og arbeidsmarknadstiltak er aukande. Utanforskap kan beskrivast som grupper eller enkeltpersonar i mindre grad deltek i samfunnet enn andre. Lav utdanning er viktigaste risikofaktoren, og utanforskap gir store inntektsforskjellar på sikt. Dette vil igjen føre til auka utanforskap og vedvarande lav inntekt (fattigdom).

Risikofaktorar å legge merke til:

- Lave standpunkt karakterar/eksamens karakterar i grunnskulen
- Fråver i skulen, særleg i ungdomsskulen
- Tidlegare motteke offentleg yting
- Kontakt med barnevernet
- Mangel på tidlegare arbeidslivserfaring/sommarjobb
- Kontakt med psykisk helsevern
- Lovovertriding i alderen 15 til 19 år

Uføre

Tal uføre som leiger eller bur saman med foreldre i Sykkylven kommune er aukande.

Kjelde: [Boligsosial monitor, Husbanken](#)

	2018	2019	2020	2021	2022
Uføre som leiger bustad	84	95	103	104	98
Uføre som bur saman med foreldre	22	23	29	28	27

Økonomiske verkemiddel

Husbanken skal bidra til å førebygge at folk vert vanskelegstilte på bustadmarknaden, og bidra til at vanskelegstilte kan skaffe seg og behalde ein eigna bustad. Husbanken forvaltar ordningar som bustøtte, startlån, tilskot og lån til utleigebustadar. Startlån, bustøtte og tilskot til etablering og tilpassing er viktige verkemiddel for at innbyggjarar som ikkje kan skaffe eigen bustad kan kjøpe eigen bustad. Tilskot til utleigebustader og investeringstilskot til omsorgsbustader kan nyttast som tilskot til bygging, kjøp i marknaden eller når kommunen inngår langsiktige utleigeavtalar.

Startlån

Startlån skal bidra til at personar med langvarige problem med bustadfinansiering, kan skaffe seg ein eigna bustad og behalde den.

NAV ser at det er mange som søker om Startlån. Men som tabellen syner er det mange som får avslag. Dette skuldast at bustadane som er til salgs er for dyre til at søkerane vil kunne mestre renter og avdrag med sin økonomiske situasjon. Mange bustader det blir søkt om Startlån til har også behov for renovering, dette dekkjer ikkje Startlån.

	2020	2021	2022	2023
Midlar frå Husbanken		10 000 000	10 000 000	10 000 000
Utbetalt Startlån til barnefamiljar	7 544 652	10 000 342	0 ??	0
Utbetalt Startlån til andre	947 500	250 000	0 ??	0
Tal godkjente søknadar	19	25	23	18
Tal avslag på søknad	9	15	2?	15

Tilskot frå Husbanken

Husbanken tildeler tilskotsmidlar øyremerka desse formåla til kommunen, som tildeler midlar vidare til søkerar. Tilskotet som kommunen får vert disponert felles, som vil seie at kommunen kan ta midlar frå etablering til tilpassing og omvendt etter behov. Tilskotet er innlemma i rammetilskotet som kommunen mottok frå staten.

Tilskot til etablering kan giast som toppfinansiering til husstandar som har lav, men stabil inntekt, og som ikkje kan fullfinansiere bustad gjennom startlån. Målgruppa er i utgangspunktet den same som for startlån, men tilskotet er sterkt økonomisk behovsprøvd.

Tilskot til tilpassing kan giast til personar som har behov for tilpassa bustad slik at dei kan bu i bustaden sin med nedsett funksjonsevne, og vert tildelt ut frå skjønns messig vurdering.

Tilskot til utgreiing og prosjektering kan bidra til å dekke nødvendige kostnader for fagleg bistand til utgreiing/prosjektering av tiltak når det er behov for tilpassing av/etablering av tilpassa bustad.

Bustadtilskotet blir gitt til husstandar med funksjonshemma personar eller andre som har behov for tilrettelegging av bustaden og kan ytast i samband med kjøp, tilpassing og nybygging.

Bustøtte er ei behovsprøvd statleg støtteordning for dei som har lav inntekt og høge bu-utgifter.

Kjelde: [Husbanken](#)

	2020	2021	2022	2023
Barnefamiliar	37	27	38	54
Ikkje barnefamiliar	67	54	70	87
Kommunal leige	51	43	55	77
Privat leige	44	37	40	51
Eig bustad	6	5	7	6
Total sum	1,6 mill	1,1 mill	1,5 mill	1,8 mill

3. Medverknad og involvering

Her finn du ei oppsummering av datainnsamling som er tatt med i utarbeiding av Bustadpolitisk handlingsplan 2023-2035.

Innspela gir ikkje grunnlag for å meine noko om omfanget av ulike typar problem eller på til dømes nøgde/misnøgde innbyggjarar. Data kan nyttast til å identifisere nokre kategoriar av problem som vert opplevd, og avdekkje mønster. Slik kan kunnskap rundt enkelte utfordringar aukast og kommunen kan jobbe med strategiar for å møte utfordringane.

Medverknad i planarbeidet er ivaretatt gjennom:

- Brukarrepresentant i arbeidsgruppa, representant frå Mental Helse har vore aktivt med i arbeidet med planen.
- Ope innbyggjarmøte med paneldebatt der tema var «Ein av dei viktigaste berebjelkane i velferdssamfunnet, er at alle skal bu godt og trygt». Kva er viktig for deg og korleis kan vi legge til rette for ein god bustadpolitikk i Sykkylven.
- Møte med kommunalt bustadselskap (Sykkylven bustadselskap).
- Arbeidsmøte med NAV, Flyktningtenesta, Rus- og psykisk helseteam, Heimetenestene, Sykkylven omsorgssenter og Tenestekontoret.
- Møte med Eldrerådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting, informasjon om oppstart av planarbeidet til gruppene.
- Strategisamling kommunestyre 15.05.2023
- Samarbeids- og innspelmøte med Husbanken mai 2022, og 15.05.2023

Innspel frå tenesteområda

Vi stilte desse spørsmåla:

- Kva type bustader er det behov for?
- Er det behov for endring i tildelingspraksisen?
- Kva oppfølging er det behov for i bustaden?

NAV

- *Det er behov for bustadar til einslege*
- *Bustadar tilrettelagt for dei med samansette problem, som er i aktiv rus.*
- *Småhus/Hardbruksbustad med bu oppfølging.*
- *For å sikre straum og internett bør dette leggest inn i husleiga for å sikre betaling av desse utgiftene*
- *Nav kan ordne direkte trekk i trygda på husleige*
- *Aukande problem no med at huseigar ønskjer å seie opp leigeavtale sidan straumen har vore stengt over tid og dette kan skade bustaden.*
- *Nav ser og utfordringane ift at det er uklart kva dei ulike tenesteområda skal yte av tenester til denne brukargruppa, det er behov for å ta tak i dette og sikre god samhandling og oppgåvefordeling.*

Rus- og psykisk helseteam

- *Det er behov for 5-6 småhus til ROP pasientar*
- *Bustaden må vere nært sentrum, med noko skjerming*
- *Det er behov for små leilegheiter, mindre plass er mindre plass å halde orden på.*
- *Brukarane vil ikkje kunne ha tidsbestemte husleigeavtalar*
- *Brukarane må ha ein bu- og tenesteavtale ved innflytting*
- *Det er behov for oppfølging i bustaden, økonomisk og praktisk*
- *Uklart kven som skal følge opp frå dei ulike tenesteområda*
- *Mange har behov for økonomisk veiledning og bistand men har vanskar med å forhalde seg til korte opningstider, når ikkje sakshandsamar på telefonen, eller har ikkje tilgang på internett for å nytte nav.no*
- *Behov for å definere kva er bu veiledning og kva er vaktmeisterteneste*

Flyktingtenesta

- *Saknar nokre større leilegheiter med 3 soverom*
- *Den private marknaden ønsker ikkje å leige ut til flyktingar (gjeld ikkje frå Ukraina)*
- *Flyktingar frå Ukraina treng mindre leilegheiter*
- *Frå «leige til eige» kan passe for unge, men eldre vil ha problem med å administrere bustaden*
- *Flyktingar har behov for gå-avstand*
- *Mange har ikkje, eller har ikkje gyldig sertifikat*
- *Utfordringar ift kollektivtransport tilbodet i kommunen*
- *Alle kan ikkje få bustad i sentrum, det er det ikkje kapasitet til*
- *Flyktingtenesta har bu oppfølging i periodar, og i samarbeid med Bustadselskapet*
- *Mange av leigetakarane ønsker ikkje «heime besøk»*
- *Bustadselskapet er med på inspeksjonar, lettare å få innpass*
- *Mange av flyktingane har behov for økonomisk veiledning og bistand men har vanskar med å forhalde seg til korte opningstider, når ikkje sakshandsamar på telefonen, eller har ikkje tilgang på internett for å nytte nav.no*
- *Uklart korleis fordele det bustadsosiale arbeidet mellom tenesteområda*

Tenestekontoret

- *Det er behov for omsorgsbustadar til eldre, med noko personale*
- *Bufellesskap for unge med funksjonsnedsetting med moglegheit for felles aktivitetar og møteplassar*
- *Behov for bustadar til unge med behov for butrening*
- *Behov for fellesrom og uteareal med lavterskel tilbod for alle aldrar – eit godt nabolag*
- *Isolasjon og einsemd vil vere eit veksande problem i åra framover, ein må tenke korleis legge til rette for sosialisering*
- *Mange ønsker å flytte til lettstelte leilegheiter i sentrum*
- *Sakshandsaming og tildeling av omsorgsbustadar er det godt system på*
- *Pris på bustad er ei utfordring for dei som er uføre, har lav trygd/inntekt*

Bu- og rehabiliteringstenestene

- *Mange av bustadane har behov for oppussing*
- *Ein opplever at arbeidet tar lang tid når det er behov for oppussing*
- *Det er behov for nye bustadar til unge med utviklingshemming med rom for fellesskap*
- *Behov for samlokalisering for dei brukarane som har stort behov for ressursar*
- *Ein opplever at det er uklart kva eigar av bygg skal gjere og brukar av bygg, kven har ansvar for dei ulike oppgåvene som funksjonshemma har behov for*
- *Mange brukarar har behov for leilegheit med 2 soverom då dei må ha plass til lagring av utstyr*
- *Tildelinga av kommunal bustad, ein bør organisere dette arbeidet i eit tverrfagleg team eller eit bustadkontor*

Sykkylven omsorgssenter

- *Leilegheitene på omsorgssenteret eignar seg ikkje til dei behova ein har i dag, utforminga er tenkt til betre fungerande bebuarar.*
- *Soveromma er små og har ikkje plass til hjelpemiddel*
- *Leilegheiter som vert bygd i dag er annleis utforma, liknar meir på store institusjonsrom, med tilrettelagt bad og nok lagringsplass.*
- *Brukargruppa av leilegheitene har endra seg over åra, det er større hjelpebehov som krev meir personalressursar, vanskeleg å få til effektiv drift grunna dei fysiske lokala*
- *Leilegheiter i bufellesskap er ikkje utforma for å kunne gi ei god nok demensomsorg*
- *Vi har for lite retningsliner for leigetakar ift kva som er lov å gjere i leilegheitene som td vedlikehald, reingjering og oppheng av bilete.*

Heimetenestene

- *Det har auka med tal leilegheiter for eldre i sentrum no*
- *Det er behov for 2 soverom til eldre ektepar, då det er behov for plass til lagring av hjelpemiddel, eller at ektefelle på ha kvart sitt soverom*
- *Ein opplever at eldre klarer å bu lenger i eigen bustad i lettstelte leilegheiter sentralt, mindre bekymring for praktiske gjeremål.*
- *Mange eldre planlegg for eigen alderdom*
- *Dei bustadane som er bygd er godt utforma, ein må og tenke på eit tilrettelagt uteområde, samt at heis er stor nok til rullestolar, eller bære.*
- *Det er færre som bur i ueigna bustadar no enn for nokre år sidan.*
- *Tal brukarar av heimetenestene som bur sentralt har auka, dette gjer at heimetenestene kan handtere fleire brukarar, meir effektiv bruka av personalressursar*
- *Mange eldre som bur sentrumsnært med naboer tettere kan opplever nye sosiale nettverk og mindre isolasjon.*
- *Utfordringar framover kan vere oppgåvefordeling ift helsehjelp og praktiske gjeremål*
- *Utfordringar ift sosiale behov alt kan ikkje vere kommunen sitt ansvar, her må andre lag og organisasjonar engasjerast.*

Sykkylven Bustadselskap

- *Selskapet ønskjer at brukarar som har behov for helse- og omsorgstenester skal bu i omsorgsbustader, ikkje i kommunalt disponerte bustadar. Dette fordi det er andre krav til omsorgsbustad ift brann, rømmingsveg og universell utforming*
- *Det er behov for 5-6 bustadar som toler hardbruk*
- *Det er behov for å bygge kommunale bygg 4-6 manns bustadar med 2 soverom sentrumsnært*
- *«Leige til eige», bustadselskapet har pr no ikkje bustadar som eignar seg for dette, då dei ikkje har bustadar som er seksjonert opp, dette vil det bli endring på framover*
- *Ved etablering av nye omsorgsbustadar vil kommunen kunne få tilskot frå Husbanken enn om det er privat utbygger*
- *Det er mange søkarar på dei kommunale bustadane*
- *Mange av bustadane er gamle og treng rehabilitering*
- *Det er behov for å etablere tverrfagleg gruppe i tildelinga av bustadar*
- *Det er godt samarbeid med kommunen*
- *Det er mykje som fungerer bra i det bustadsosiale arbeidet*
- *Selskapet har eigen vaktmeister som ivaretek vedlikehald i bustadar og uteområde i selskapet, ein har ikkje denne tenesta for leigetakarane*
- *Bu oppfølging, det er behov for å avklare forventningar, rolle og oppgåver*

Innbyggardialog 8. juni 2023

Medverknad bidreg til å nansere og balansere planarbeidet og er viktig både for å gi innsikt og forankre arbeidet, og for å få relevante synspunkt, erfaringar og kunnskap. I sum utgjer alt dette eit godt grunnlag for prioriteringar som vil vere viktige for vidare framdrift og utvikling i det bustadfaglege og bustadpolitiske arbeidet.

Vi gjennomførte eit ope møte der alle interesserte kunne ta turen, og vi som kommune og Husbanken snakka om samfunnsutfordringane vi skal løyse, kommunen si rolle som samfunnsutviklar og den særlege rolla vi har mot vanskelegstilte på bustadmarknaden.

Vil du vere med å påverke bustadpolitikken i Sykkylven?

Ta deg ein tur til det nye biblioteket
torsdag 08. juni 2023 kl. 1315

Møtet er ope for alle innbyggjarar, interesseorganisasjonar og politikarar og andre interessantar

Du vil høyre blant anna

Kommunedirektør Bente Vikhagen snakkar om samfunnsutfordringane vi skal løyse sett opp mot eit bustadpolitisk perspektiv

Birger Jensen frå Husbanken snakkar om bustadpolitikk og bustadssosialt arbeid

Det vert paneldebatt

Velkommen



– Skal sentrum bli fylt opp av gamlingar?

Bustadpolitikk var tema under eit ope møte på Sykkylven bibliotek torsdag ettermiddag.

Det nye biblioteket har blitt ein nytt samlingspunkt i Sykkylven, og kommunen har lenge sagt at det bur som mål å bruke det nye skuletiltaket som ein berre bibliotekbruka. Dette gjeld også vore folkesamfunn, der kommunen ønskjer å møte innbyggjarane til dialog og inspirasjon. Torsdag 8. juni blei det første av desse møte heldt, der temaet var bustadpolitikk.

Debatt

Det blei også tid til ein paneldebatt, der kommunestyreleiar Bente Vikhagen snakka med seg sjølv og politikarar frå bustadplanen, Margit Aune Overli, for å prate med nokre representantar for innbyggjarane i Sykkylven. Her stode Kjellbjørg Røssil frå eldreseksjonen, Frode Værøy frå FFO, Funksjonshemmede Fellesorganisasjon, og Anne Brekke, tilsatt i helseog omsorgstjenestene, og mer til Bente (3) som har Down's syndrom. Det prate ein del om kva som er viktig for dei i bustadpolitikken framover.

– Det blir snakka mykje om at alle eldre vil nærare og nærare sentrum, men vil ei overgang til sentrum skal bli fylt opp av gamlingar?, spurde Røssil, til latter frå dei rundt 20 fram-

– Ein plass i landet var det ei sak med ein kar som ikkje kunne vere nær folk, så ein kunne ikkje plassere han på institusjon. Kommunen fikk skaffe han ein bustad to kilometer inn i skogen og serga for at han ikkje den halva han trengte. Det gav stor effekt, sa han.

Som tilsatt i helseog omsorgstjenestene snakka Brekke fram viktige sakar at å kunne gå frå bustad til bustad inne i same bygget.

– På kvikketongen må ein ut og inn for å komme seg til dei forskjellige etnogene, noko



Debatt om bustadpolitikk på Sykkylven bibliotek, 8. juni 2023. Til venstre: Kjellbjørg Røssil, Frode Værøy, Anne Brekke, Margit Aune Overli og kommunestyreleiar Bente Vikhagen. Foto: EIVIND BRUGAAS

– Det prate om dei forskjellige utfordringane som Sykkylven står framfor, som dei demografiske skiftet, der det blir stadig færre innbyggjarar i arbeidslive alder samantilla med talet på eldre. Ungdøl peika også på mange positive prosjekt som blir gjennomført i Sykkylven, som Skapertunet, biblioteket og utvidinga med tilfyring til kyrkjeparken og vidare mot det nye barnehuset.

– I tillegg prate Birger Jensen frå Husbanken om kva slags

verkemiddel det har, mellom anna for å få flere med funksjonshemmingar og andre vanskelegstilte inn på bustadmarknaden. Han kom mellom anna med statistikk som viser at lite av ei personar med funksjonshemming ønskjer å eige ein eigen bustad, men at heve 20 prosent av desse faktisk gjer det.

EIVIND BRUGAAS
evb@nysse.no

Bilete: Artikkel i Nysse 14. juni 2023